

Fjord kommune

20.10.2021

post@fjord.kommune.no

Innspel til høyring - framlegg til samfunnsdelen av kommuneplan, planstrategi og planprogram, Fjord kommune

Vi viser til at Fjord formannskap i sitt møte 02.09.2021 gjorde vedtak om å leggja framlegg til kommuneplanens samfunnsdel 2021 – 2033 ut til offentleg høyring.

Samfunnsdelen av kommuneplanen skal klargjera mål og strategiar for kommunen i åra framovero g skal leggjast til grunn for anna planlegging i kommunen. Den vil såleis vera styrande for arbeidet med andre kommunale planar, fagutgreiingar, økonomiplan, budsjett og planar for dei ulike verksemndene i kommunen, inkludert arealdelen av kommuneplanen. På same tid skal samfunnsdelen av kommuneplanen vera i samsvar med nasjonale og regionale krav, mål og forventningar som angår kommunen.

Planstrategien skal visa kva vedtatte planar kommunen har, kva planar som skal avviklast eller reviderast, samt visa nye utredningsbehov og kva nye planar som bør utarbeidast. Grunnlaget for planarbeidet er ny/aktuell politikk eller andre utfordringar som er relevante for kommunen. Mål og strategiar blir vedtatt som ein del av kommuneplanens samfunnsdel.

Våre innspel

Innspela er i hovudsak til samfunnsdelen av kommuneplanen, særleg tilføringane for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. I tillegg kan ein del av innspela klart relaterast til planstrategien.

1) Vi oppfattar framlegget som bra på ein del punkt og som mangelfullt på nokre punkt. Den beskrivande og grunnleggjande delen med omtale av formål og bakgrunn synest å vera bra, men ber litt preg av å vera instrumentell. Med det meiner vi at planen kanskje ikkje fangar godt nok opp i seg aktuell samfunnsutvikling og trendar i befolkningsutviklinga.

2) Vi saknar meir klare føringar for oppfølgjing av dei målsetjingar som blir skissert. Dette vil i neste omgang kunne føra til at kommuneplanens samfunnsdel ikkje blir eit godt nok styringsverktøy for utviklinga i kommunen.

3) Vi meiner at planen er for uklar i forhold til korleis ein vil løysa konflikta mellom bærekraftig miljø og vekstkraftig samfunn. Konkret må vi peika på arealutfordringane i bygdesentra. Vi saknar at framlegget til plan legg til rette for ei sterkare styring av arealbruken.

4) Vi meiner at det i samfunnssdelen av kommuneplanen må leggjast klare føringar på at dyrka og dyrkbart areal skal takst vare på for matproduksjon også for framtida. I Fjord kommune, særleg i dei indre fjordområda, er det svært viktig å ta vare på kulturlandskapet og å sikra areal som gir grunnlag for matproduksjon. Eksisterande dyrka jord må takast vare på, det bør nydyrkast meir jord, jordbruksarealet må aukast og det må sikrast at det blir produsert mat på ein god måte, jfr FN sine bærekraftsmål. Dette handlar også om å sikra biologisk mangfald, tilstrekkeleg CO²-produksjon og eit variert kulturlandskap.

Det blir difor feil når det i føringane for kommuneplanen sin arealdel kan sjå ut til at arealkrevjande tiltak som t.d. bustad- og hyttebygging skal vera viktigare enn å ta vare på dyrka og dyrkbar jord.

5) Vi meiner at planen i for liten grad legg til rette for å drøfta verkemidlar for å få til ei optimalisert og bærekraftig arealforvaltning i lys av dei utfordringar vi har knytt til klima, matproduksjon og levande lokalsamfunn.

6) Statistikk frå Statens Landbruksforvaltning (basert på søknader om produksjonstilskot) viser at jordbruksareal i drift i dagens Fjord kommune held seg relativt stabilt. Men det er behov for å sjå nærmere på status og utvikling i arealbruken: Blir dei små areala borte? Korleis er utviklinga for areala nær bygdesentrums? Er det dei beste jordbruksarealet som blir omdisponert? Kor stor er nydyrkingsa? Korleis er kvaliteten på nydyrka areal samanligna med omdisponert areal? Blir bu- og driveplikta respektert, etterlevd og forvalta i samsvar med måla i jordlova?

7) Det er disponert rikeleg med areal til hyttebygging i eksisterande kommuneplan. I den nye arealdelen av kommuneplanen må det ikkje disponerast meir areal til hyttebygging på LNF spreidd utbygging eller øvrig dyrka og dyrkbart areal. En del areal bør også tilbakeførast til reine LNF-område.

8) Av omsyn til ønske om å ta vare på kulturlandskap, jordvern og driftsgrunnlaget for eksisterande gardsdrift må dyrka og dyrkbart areal ikkje disponerast til bustadbygging, næringsareal eller andre samfunnsformål. Erfaringa frå andre kommunar viser at befolkningsutviklinga og framtidig bumønster tilseier at areal til bustadformål klart kan reduserast og tilbakeførast til LNF-område.

9) Det må satsast meir på fortetting og transformasjon/gjenbruk av eksisterande nedbygd areal.

Vår oppsummering

Våre innspel kan oppsummerast på følgjande måte:

Med sin topografi og busettnad er Fjord kommune prega av ivaretaking av kulturlandskap og aktiv bruk av alle jord- og arealressursar til matproduksjon. I ny kommuneplan må det aktivt leggjast til rette for ivaretaking av desse verdiene. Jordvern må prioriterast for å sikra areal til matproduksjon ivaretaking av kulturlandskapet. Matjorda skal ikkje byggast ned, men bli disponert langsiktig og bli tatt vare på for komande generasjonar. Auka sjølvforsyninggrad er viktig både ut frå beredskaps-, klima og miljøomsyn. Det å sikra dyrka og dyrkbar jord gir også grunnlag for bærekraftige lokalmiljø og trygg og rein mat til befolkninga. Auka matproduksjon skaper i tillegg fleire og nye arbeidsplassar.

Litt om grunnlaget for våre innspele

1) Regionalt jordvern mål

Vi erfarer at det ofte blir tatt for lett på utfordringa som ligg i å unngå nedbygging av dyrka og dyrkbart areal. Nedbygging av areal er langt på veg ein irreversibel prosess og ei stor utfordring både internasjonalt, nasjonalt og lokalt. I 2015 vedtok Stortinget *nasjonal jordvernstrategi*, der målsetjinga er at det ikkje skal omdisponerast meir enn 4000 da pr år på landsplan. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i 2017 *Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017 – 2021*, der det heiter at Møre og Romsdal må ta sin relative andel av jordvern målet. Det betyr at årleg nedbygging av dyrka areal i Møre og Romsdal skal utgjera maksimalt 200 da pr år. Nasjonalt jordvern mål er no stramma inn til 3000 da, noko som er eit klart signal til kommunane om ytterlegare å stramma inn på omdisponering.

2) Jordvern og FN's bærekraftmål

Landbruks- og matministeren og Kommunal- og moderniseringsministeren sende 8.1.2021 brev til kommunane om Jordvern og FN's bærekraftmål. Det blir vist til at kommunane skal leggja bærekraftsmåla til grunn for si planlegging og at jordvern er ein viktig del av arbeidet med å nå måla, m.a. av omsyn til lokal beredskap, matsikkerhet og for å sikra jordbruksproduksjonsressursar over heile landet. Det blir også vist til at der sentumsutvikling er i konflikt med dyrka og dyrkbar jord skal det vera fokus på kompakt byutvikling og fortetting, samt at viktige jordbruksområder bør sikrast gjennom langsiktige utbyggingsgrenser.

3) Ingen automatikk i utviding av eksisterande utbygd areal

Fleire stader er det klar konflikt mellom jordvern og andre samfunnsomstsyn, t.d. bustadføremål. Vi vil i denne samanhengen peika på at det ikkje må vera automatikk i at eksisterande bustadareal skal kunne utvidast. Vi vil særleg peika på at ein del eksisterande bustadområde ikkje burde ha blitt utbygd. Då vil det vera heilt feil å halda fram med denne utbygginga. Det er viktig å vurdera langsiktige og indirekte verknader for arealbruk og klima dersom det vert opna for utbygging.

4) Matjord er verna

Gjennom Jordlova, og ikkje minst i dagens diskusjon om miljø og klima, vert det lagt stor vekt på at dyrka og dyrkbart areal er ein ressurs for matproduksjon og miljø for framtidige generasjonar. I den lokale diskusjonen om arealbruk vert det imidlertid ofte trekt fram argument som t.d. at jord ikkje blir hausta eller at situasjonen til dei som eig jorda tilseier at jorda bør kunne takast i bruk til andre formål. Til dette må vi klart understreka at matjord er verna og skal vera ein mat- og klimaressurs for framtidige generasjonar. Eigarforhold og personleg situasjon skal ikkje takast i betrakning i planleggingsprosessar.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen